

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 07.09.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

| |
|--|
| PROTOKOLL MØTE NR. 09 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021 |
|--|

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell

Tidspunkt: Måndag 7. september 2020, kl. 17.00-21.00

RAMMEPROGRAM

| Program | Tidspunkt | Saker |
|-----------------------|-----------------|-----------|
| Møte i Skikrinsstyret | Kl. 17.00-18.00 | Sak 73-80 |
| Middag | Kl. 18.00-18.45 | |
| Møte i Skikrinsstyret | Kl. 18.45-21.00 | Sak 81-91 |

Sakliste

REFERATSAKER

- SAK 73 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste
- SAK 74 19-21** Godkjenning av protokoll nr. 08 19-21 frå Skikrinsstyret
- SAK 75 19-21** SFSK AK protokoll nr. 03 19-21
- SAK 76 19-21** SFSK AK protokoll nr. 04 19-21
- SAK 77 19-21** SFSK LK referat Vår møtet 2020

RAPPORTERING

- SAK 78 19-21** Rekneskap 2019
- SAK 79 19-21** Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020
- SAK 80 19-21** Samordna søknad og rapportering 2019

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 81 19-21** Innstilling frå Organisasjonsutvalet til NSF
- SAK 82 19-21** Rekrutteringsarbeid i skikrinsen
- SAK 83 19-21** SFSK Handlingsplan 2019-2021
- SAK 84 19-21** Covid-19 og aktivitet i regi av skikrinsen
- SAK 85 19-21** Haustmøtet 2020
- SAK 86 19-21** NSF Haustmøtet 2020
- SAK 87 19-21** Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins
- SAK 88 19-21** Møteplan Skikrinsstyret
- SAK 89 19-21** Endring hopp- og kombinertkomiteen
- SAK 90 19-21** Utedagen 2020

ORIENTERINGSSAKER

- SAK 91 19-21** Utstyrspakke skileik

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Jan Inge Årdal, Tor Arne Hov og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Margot Åsebø deltok ikkje under sak 86-91.

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 73 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 74 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 08 19-21 frå Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 08 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 08 19-21.

SAK 75 19-21

SFSK AK protokoll nr. 03 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 03 19-21 i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 76 19-21

SFSK AK protokoll nr. 04 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 04 19-21 i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 77 19-21

SFSK LK referat Vårmøtet 2020

Bakgrunn

Referat frå langrennskomiteen sitt Vårmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 78 19-21

Rekneskap 2019

Bakgrunn

Adm. la fram rekneskapen for 2019 i sak 49 19-21 i Skikrinsstyret.

Rekneskap 2019 og revisormelding for rekneskap 2019 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2019 for framlegging som eiga sak til Skikrinstinget, med tilråding om endeleg godkjenning.

SAK 79 19-21

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020

Bakgrunn

Rekneskap pr. 26.08.2020 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 26.08.2020:

| SFSK Driftsinnt. totalt | SFSK Driftskost. totalt | SFSK Resultat | SFSK Årsbudsjett |
|-------------------------|-------------------------|-----------------|------------------|
| Kr 1 726 802,- | Kr 1 102 476,- | Kr 624 327,- | Kr 0,00 |
| AU Driftsinnt. totalt | AU Driftskost. totalt | AU Resultat | AU Årsbudsjett |
| Kr 602 389,- | Kr 200 914,- | Kr 401 475,- | Kr 0,00 |
| AK Driftsinnt. totalt | AK Driftskost. totalt | AK Resultat | AK Årsbudsjett |
| Kr 308 022,- | Kr 261 462,- | Kr 46 560,- | Kr 0,00 |
| HKK Driftsinnt. totalt | HKK Driftskost. totalt | HKK Resultat | HKK Årsbudsjett |
| Kr 25 580,- | Kr 27 599,- | Kr -2 019,- | Kr 0,00 |
| LK Driftsinnt. totalt | LK Driftskost. totalt | LK Resultat pr. | LK Årsbudsjett |
| Kr 790 811,- | Kr 612 500,- | Kr 178 311,- | Kr 0,00 |

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

SAK 80 19-21

Samordna søknad og rapportering 2019

Bakgrunn

Samordna søknad og rapportering (tidl. Idrettsregistreringa) gjennomførast i perioden 01.-30. april ved at idrettslaga rapporterer nøkkelinformasjon til NIF.

Tala frå idrettsregistreringa dannar grunnlag for ulike økonomiske støtteordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale mildar etc.). Tala dannar vidare grunnlag for statistikkar om og for idretten.

Det er difor viktig for skiidretten i Sogn og Fjordane at alle skigrupper registrerer sin aktivitet via Samordna Rapportering. Det er elles svært viktig at skikrinsen følgjer opp registreringa av aktive medlemar i skigruppene,

sidan ordninga er avgjerande m.o.t. tilskotsordningane frå Norges Skiforbund.

I Samordna Rapportering skal det registrerast tal aktive medlemar i dei ulike aldersgruppene og kjønn i særgruppene/ grein:

- Som aktive medlemar reknar ein alle som regelmessig deltek i organisert aktivitet i regi av skigruppa, eller representerer idrettslaget/ skigruppa i konkurransar.
- Med «deltaking» meinast både å sjølv utøve idretten gjennom trening eller konkurransar, og å legge til rette for at andre skal kunne drive aktivitet i skigruppa (t.d. styreverv, komitear og andre valte eller oppnemnte oppgåver – trenarar, oppmenn og andre faste oppgåver som utførast over ein tidsperiode – andre faste oppgåver innan t.d. arrangement; tidtakarar, stadion, løype, kafé, sekretariat, osv.)

I 2016 vart det innført ei ny ordning med elektronisk medlemsregistrering. Dvs. at alle idrettslag må registrere sine medlemar i eit godkjent elektronisk medlemsregister. Dette er eit krav som følgje av medlemskapet i NIF.

Sogn og Fjordane Skikrins – Samordna Rapportering 2009-2019

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins 2009-2019




Fig. 2) Samordna Rapportering 2019 Sogn og Fjordane Skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 6-12 år, 2009-2019




Fig. 4) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 13-19 år, 2009-2019





Fig. 5) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins, aldersgruppa 6-12 år samanlikna med aldersgruppa 13-19 år



VEDTAK
Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 81 19-21

Innstilling frå Organisasjonsutvalet til NSF

Bakgrunn

Organisasjonsutvalet til Norges Skiforbund, som ser på skiforbundet sin politiske styringsmodell, har komme med ei innstilling i etterkant av høyringssvar frå organisasjonen:

[Innstilling frå Norges Skiforbund sitt Organisasjonsutval](#)

Skistyret handsama saka i styremøte i juni og har vedtatt følgjande oppfølging:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/nyheter/2020/7/oppfolging-av-organisasjonsutvalgets-anbefalinger/>

Skistyret har sett ned eit utval som skal sjå på kretsane si rolle som bindeledd mellom klubb og forbund for å sikre auka rekruttering.

Utvalet består av:

- Pål Angell Bergh, Siri Darell og Svein Tore Dørmænen (kretsleiarane sitt arbeidsutval)
- Erik Røste og Andrea Bell Pedersen (Skistyret)
- Øystein Tamburstuen, leiar freestylekomiteen (representant for greinene)
- Bjørn Bruvoll, administrasjonssjef Nord-Trøndelag Skikrets
- Øistein Lunde, leiar Organisasjon i fellesadm. NSF

Her er samleside for Organisasjonsutvalet til Norges Skiforbund.

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/organisasjonsutvalget/>

Styreleiar la fram saka i møtet med påfølgjande diskusjonar i styret.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar følgjer opp og tek vidare innspel frå drøftingar i møtet.

SAK 82 19-21

Rekrutteringsarbeid i skikrinsen

Bakgrunn

Etter omorganisering av fellesadministrasjonen i NSF i 2019, der Utviklingsavdelinga vart lagt ned, er ansvar for rekrutteringsarbeid lagt til grein f.o.m. 01.01.2020.

Skistyret vedtok i februar 2020 at fordeling av post 3 midlar (frigjort etter nedlegging av Utviklingsavdelinga) skulle fordelast med kr. 1,2 mill. til grein og kr. 800 000 til tiltak i krets fordelt gjennom grein.

I møte i Skikrinsstyret 3. februar 2020 drøfta styret tema rekrutteringsarbeid i skikrinsen.

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak i sak 51 19-21:

Skikrinsstyret gjer vedtak om å følgje opp diskusjonar i møtet i neste styremøte.

Adm. følgjer opp ressurspersonar i skiforbundet på basisanlegg for å utvikle eit kompetansetiltak ut mot klubb/skianlegg for utforming av basisanlegg. Tiltaket vert lagt fram på neste styremøte.

Skikrinsstyret oppmodar greinkomiteane om å diskutere aktuelle rekrutteringstiltak i sine komitémøte i framkant av Vårmetet.

Grunna permittering har adm. ikkje fått følgt opp saka.

Styret drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at greinkomiteane diskutere rekrutteringsarbeid i sitt neste komitémøte, tek opp tema (evt. spelar det inn som sak) på NSF sine greinvise haustmøte/fagmøte, og set det opp som eiga sak på skikrinsen sitt haustmøte 24. oktober.

I tillegg har AU og greinkomiteane rekrutteringstiltak i handlingsplanen som også vert følgt opp.

SAK 83 19-21

SFSK Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins ein handlingsplan for perioden 2019-2021 er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek prosessen og drøftingane til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp intensjon, mål og tiltak i høve til førebels arbeidsfordeling og fristar.

SAK 84 19-21

Covid-19 og aktivitet i regi av skikrinsen

Bakgrunn

Situasjonen med covid-19 gjer at det kan bli ein krevjande sesongen mtp. gjennomføring av aktivitet og oppfølging av smittevernreglar. Det blir difor ekstra viktig at greinkomiteane i skikrinsen fortløpande vurderer korleis ein gjennomfører sin aktivitet.

I slutten av juni publiserte NSF retningslinjer for krets og klubb (oppdaterast fortløpande); [NSF koronaveiledar for klubber og kretsar](#)

Adm. har utarbeida følgjande retningslinjer som komiteane til no har nytta i sin krinsaktivitet:

- God handhygiene – vask hendene ofte.
- Halde minst 1 meter avstand.
- Du skal ikkje dele treningsutstyr med andre (personleg utstyr).
- Hald det reint og ryddig der ein bur.
- Ver ekstra merksam og ta omsyn til dei andre når ein er samla som stor gruppe, dvs. på øktene og fellesmåltid.
- Du skal ikkje delta på samling dersom du er sjuk/ har vore sjuk siste 3 dagane før samling/ har sjukdomssymptom. Du må varsle trenarar dersom du blir sjuk/ får sjukdomssymptom under samlinga, og må då reise heim.
- Det viktig at alle følgjer beskjeder frå trenarar/ vaksne for desse retningslinjene.

Retningslinjene er informert om til utøvarar/føresette/trenarar i forkant av krinssamlingar, og komiteane har ansvar for at desse vert følgt opp under samlingar/ krinsaktiviteten.

Adm. ser til at retningslinjene er oppdatert etter NSF sine retningslinjer for krets og klubb, og at komiteane og krinstrenarar er orientert.

Komiteane har sjølv ansvar for kontinuerleg å vurdere gjennomføring av planlagt samlingsaktivitet ut i frå NSF sine retningslinjer og myndighetene sine føringar. Adm. bistår med råd og innspel.

I tillegg til smittevernstiltak er komiteane informert om at følgjande punkt må vurderast iht. [Veileidar for smittevern i idretten](#) frå Helsedirektoratet:

- Risikovurdering
- Sjekkliste smittevernplan
- Avsjekk med lokale helsemyndigheter om gjennomføring av aktivitet

Norges idrettsforbund har utarbeida eit fellesidrettsleg e-kurs om koronavett. [Idrettens koronavettkurs](#) er eit smittevernkurs for utøvarar. Kurset er for utøvarar frå 13 år og oppover og foreldre eller føresette til utøvarar opp til 12 år.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og oppmodar alle medlemmane i skikrinsen til å gjennomføre NIF sitt koronavettkurs.

SAK 85 19-21

Haustmøtet 2020

Bakgrunn

Haustmøtet til Sogn og Fjordane Skikrins vert gjennomført laurdag 24. oktober på «Idrettens Møteplass» i Førde, Førdehuset;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/8/haustmotet-2020/>

Rammeprogram:

| | |
|-----------------|--------------------------------------|
| Kl. 10.00 | Fellesforedrag |
| Kl. 12.00 | Lunsj |
| Kl. 13.00-16.00 | Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins |

- alpint
- langrenn
- hopp og kombinert

Parallelt er det ei tverridrettsleg treningssamling for aldersgruppa 12-19 år.

Arrangementet vert planlagt i tråd med gjeldande retningslinjer for smittevern, og det kan komme endringar på kort varsel pga. situasjonen med covid-19.

Styret drøfta innhald for fellesdel i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at det blir ein kort informasjonsdel på fellesdelen. Leiar og adm. følgjer det opp.

SAK 86 19-21

NSF Haustmøtet 2020

Bakgrunn

Norges Skiforbund sitt Haustmøte er planlagt avvikla i Oslo-området 16.-18. oktober 2020.

Grunna situasjonen med covid-19 er det usikkert på korleis Haustmøtet vert avvikla.

P.t. føreligg det informasjon for kretsleiar og kretsadm. om at kretsleiar-møtet vert gjennomført fysisk med deltaking av kretsleiar frå kvar krets. I tillegg skal NSF Langrenn gjennomføre sitt fagmøte digitalt 13. oktober 2020. NSF Alpint gjennomfører sitt fagmøte digitalt 10. oktober.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at kvar komitéleiar stiller på sitt fagmøte. I tillegg deltek adm. på digitale fagmøte der det høver.

SAK 87 19-21

Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

| Verksemd | Grein | Går ut | Status |
|-------------------------------------|------------------|---------------|--|
| AVIS Bilutleige | AU | 2021 | Avtale går til t.o.m. 30.06.2021. |
| Sparebanken S. og Fj | Langrenn | 2020 | Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling er sett i gong. |
| Intersport Førde/ Erdal Sport AS | Langrenn | 2021 | Avtale går til t.o.m. 31.05.2021. |
| SFE | Hopp/ langrenn | 2022 | Avtale går til 30.04.2022. |
| COOP Nordvest SA | Alpint/ langrenn | 2020 | Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling må settast i gong. |

| | | | |
|--------------------|--------|------|-----------------------------|
| Fjord1 | Alpint | 2021 | Avtale går til t.o.m. 2021. |
| Sparebanken Vest | Alpint | 2021 | Avtale går til t.o.m. 2021. |
| Bilhuset Førde | Alpint | 2021 | Avtale går til 31.08.2021. |
| Intersport Sogndal | Alpint | 2021 | Avtale går til 01.06.2021. |

I sak 12 19-21 gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak om å setje i verk reforhandling av samarbeidsavtale:

- Sparebanken Sogn og Fjordane, ansv.: Adm. + LK

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å setje i verk reforhandling av følgjande samarbeidsavtalar:

- COOP Nordvest SA, ansv.: Adm. og styreleiar

SAK 88 19-21

Møteplan Skikrinsstyret

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset møteplan ut 2020.

VEDTAK

Skikrinsstyret fastset følgjande møteplan:

- Onsdag 14. oktober 2020, digitalt (Teams)
- Måndag 7. desember 2020, Skei

SAK 89 19-21

Endring hopp- og kombinertkomiteen

Bakgrunn

Henning Sæthre (leiar HKK) har sagt frå seg vervet som leiar for hopp- og kombinertkomiteen grunna jobbsituasjon, og nestleiar Jan Inge Årdal har fungert som leiar.

Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 54 19-21 om å kalle inn til ekstraordinært skikrinstring i samband med Vår møtet 2020, for å gjere val av ny leiar i HKK.

Styreleiar varsla leiar i valkomiteen om saka, og valkomiteen har komme med innstilling av ny leiar og nytt medlem av hopp- og kombinertkomiteen.

Saka har ikkje blitt følgt opp grunna situasjonen med covid-19 og permittering av adm.sjef. Vår møtet 2020 vart også avlyst.

Styret drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at ein ikkje gjer nytt val av leiar i hopp- og kombinertkomiteen før neste ordinære Skikrinstring i 2021. Nestleiar held fram som fungerande leiar i komiteen.

SAK 90 19-21

Utedagen 2020

Bakgrunn

Skikrinsen sitt prosjekt *Utedagen* vert gjennomført vinteren 2020, der Elise Skeide Bakke følgte opp prosjektet i samarbeid med adm.

Rapport for *Utedagen 2020* er lagt ved som eige vedlegg.

Desse skulane deltok i prosjektet i 2020:

- Breim skule
- Fjaler ungdomsskule
- Gaupne skule
- Hafslo skule
- Luster oppvekstsenter
- Nordstrand skule
- Sagatun skule
- Sandane skule
- Skei skule
- Skjolden skule
- Solvorn oppvekstsenter
- Tonning skule

I tillegg vart det gjennomført tre fagøktar innan skiopplæring, der lærarar ved alle grunnskulane og instruktørar frå idrettslag fekk tilbod om å delta:

- Ullsheim 5. februar 2020
- Sogn Skisenter 6. februar 2020
- Sogndal Skisenter 6. februar 2020
- (Langeland Skisenter 3. feb. 2020 vart avlyst grunna snøforholda)

Fagøktene vart gjennomført av Marianne Myklebust og fekk veldig gode tilbakemeldingar.

Skikrinsen fekk i april 2020 tildelt på kr. 100 000,- til *Utedagen 2020* frå Vestland fylkeskommune si ordning «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom». Det må rapporterast på midlane innan 15. januar 2021 og rapport for *Utedagen 2020* vert sendt inn.

Midlane som var sett av til *Utedagen 2020*, før skikrinsen fekk tildeling frå fylkeskommunen, kan nyttast for vidareføring av prosjektet vinteren 2021.

Ny søknad på fylkeskommunen si ordning «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom» kan vurderast innan søknadsfrist ca. 15. februar 2021.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å vidareføre prosjektet vinteren 2021 og å søke på fylkeskommunen si ordning «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom» i 2021.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

SAK 91 19-21

Utstyrspakke skileik

Bakgrunn

Skikrinsen fekk innvilga kr. 100 000,- frå Sparebankstiftinga til prosjektet *Utstyrspakke skileik* i 2019.

Rapport er lagt ved som eige vedlegg.

Gjennom prosjektet *Utstyrspakke skileik* kan skigrupper søke skikrinsen om å få ein utstyrspakke til bruk i sin skiaktivitet. I tillegg vil dei få tilbod om klubbesek frå skikrinsen, der ein får gode aktivitetstips i bruk av utstyret.

Det kom inn 19 søknader i 2019 og følgjande 10 idrettslag fekk tildelt utstyrspakke (jf. kriteria vedtatt av Skikrinsstyret i sak 40 19-21):

- Breimsbygda IL
- Eid IL
- Fjellhug/Vereide IL
- Førde IL Alpint
- Hafslo IL
- Hardbagg IL
- Jølster IL Langrenn
- Sogndal IL
- Syril IL
- Årdalstangen IL

Skikrinsen har sendt inn ny søknad til Sparebankstiftinga for vidareføring av prosjektet i 2020.

Søknad til *Utstyrspakke skileik* i 2020 er lagt ved som eige vedlegg.

I tillegg fekk skikrinsen støtte til prosjektet *Aktivitet med utstyrspakke skileik* frå Sogn og Fjordane idrettskrins si støtteordning til barne- og ungdomsidrett.

Gjennom prosjektet *Aktivitet med utstyrspakke skileik* kunne skigrupper få eit aktivitetskurs, der ein fekk gode aktivitetstips i bruk av utstyrspakken for skileik.

Rapport er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 74 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 08 19-21 frå Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 29.04.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 08 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021

Stad: Teams-møte (web-møte)

Tidspunkt: Onsdag 29. april 2020, kl. 20.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 70 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 71 19-21 Finansiering av adm.sjef stilling

SAK 72 19-21 Teamavtale Regionlag Vest

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Hallvard Nygård

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 70 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 71 19-21 Finansiering av adm.sjef stilling

Bakgrunn

Adm.sjef har vore permittert 100% frå stillinga si i Norges Skiforbund frå 30. mars 2020, og med endring av permittering til 80% frå 22. april 2020.

Arbeidsgjevar har p.t. utfordring med å finansiere adm.sjef stillingane i kretsane.

Styreleiar orienterte frå møte kretsleiarane hadde med skipresident og adm. i NSF 28.04.2020:

- Kvar krets må gå inn med midlar for å dekke 20% stilling av adm.sjef fram t.o.m juni 2020. Grunnbeløp på kr. 15 000,- + 0,5% av egenkapital pr. 31.12.2018.
- I juli månad tek adm.sjef ut ferie og feriepengar dekkar denne månaden.
- Det kan vere ein liten moglegheit for å få auka opp stillinga om NSF kjem betre inn under støtteordningar frå staten.
- Skipresidenten var veldig klar på at alle adm.sjefar skal inn igjen i 100% stilling frå 1. aug. 2020, og at dette er dekning for i siste budsjett frå NSF.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å bruke kr. 20 246,- av EK til skikrinsen (EK til AU) som skal nyttast til å dekke 20% stilling av adm.sjef fram til utgangen av juni.

Vidare gjer Skikrinsstyret vedtak om å bruke av EK (AU) for å finansiere 20% auke for å auke stillinga til adm.sjef opp til 40% frå så snart som råd og fram til utgangen av juni. Styreleiar følgjer opp med adm. i NSF.

Styret ser det som heilt nødvendig at adm.sjef kjem inn igjen i meir enn 20% stilling for å kunne ta unna kritiske arbeidsoppgåver fram til sommaren.

SAK 72 19-21

Teamavtale Regionlag Vest

Bakgrunn

Agder og Rogaland Skikrets, Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins inngjekk i 2015 eit samarbeid om Team Veidekke Vest (TVV).

Veidekke gjekk ut som sponsor etter sesongen 2019-2020, og teamet har no namnet Regionlag Vest.

Regionlag Vest er eit treningsfellesskap der partane skal samarbeide om ein felles spissa satsing for dei aller beste senior langrennsløparane i regionen. Regionlag Vest har som mål å utvikle løparar til landslagsnivå og vere eitt av Norges Skiforbund (NSF) sine viktigaste rekrutteringsmiljø.

LK-leiar er SFSK sin representant i styringsgruppa.

Vedlagt framlegg til ny samarbeidsavtale 01.05.2020-30.04.2021.

Avtalen forpliktar alle parter økonomisk og juridisk.



Kvar av partane stiller kr 100.000 som garanti for laget si drift. Dette beløpet fakturerast ikkje utan særskilt vedtak i styringsgruppa. Garantibeløpet er ein «siste utveg». Andre aktuelle finansieringsmåtar skal prioriterast.

Det er AU som i tidlegare har stilt garantibeløpet til disposisjon gjennom eige budsjett, jf. vedtak sak 108 13-15 i Skikrinsstyret.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins garanterer for kr. 100 000,- i Regionlag Vest.

Føresetnaden er at respektive kretsar garanterer for tilsvarende beløp.

Det er AU som stiller garantibeløpet til disposisjon gjennom eige budsjett.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

| |
|---|
| Vedlegg SAK 75 19-21 SFSK AK protokoll nr. 03 19-21 |
|---|

REFERAT TEAMSMØTE I AK 26.03.20 (MØTE NR. 03)

Til stades: Per Asbjørn, Peder, Magne, Erik, Nina og Roger på telefon.

Tidspunkt: 20.00 – 21.30

Referent: Per Asbjørn

Sak 19 19-21 Info om status NSF.

Leiar orienterte om økonomisk status i NSF, og konsekvensar for drift vidare.

Sak 20 19-21 Status om situasjonen i AK no, og framover.

Leiar orienterte om situasjonen. Vi står utan adm.sjef i ein ukjent periode grunna permittering, og må finne løysingar på utfordringar framover. Erik sjekkar behov for oppfølging av markedsavtalar. COOP-avtala skal reforhandlast innan september 2020, dette avventar vi forløbbig.

Sak 21 19-21 Barmark og ski ut sesongen, og for ny sesong 2020-2021.

Samlingane på vår-snø lokalt finn vi ei ordning på om det vert opna opp for samlingar. Skikrinsen forhold seg til vedtaka som kjem frå sentralt hald om når vi kan starte med organisert trening.

Barmark: AK vil prioritere å få til eit godt barmarksopplegg som vert delt ut digitalt til dei aktive. Ulike personar til å lage eit program vart diskutert. Peder kontaktar Andrine Mårstøl med forespørsel om å lage eit barmarksopplegg tilpassa aktuell gruppe, gjerne med digital øvelsesbank inkl. rettleiing. Skikrinsen gjev godtgjersle utfrå tidsforbruk. Haustmøte ynskter å legge alle barmarksamlingar til Sandane, med ulike klubbar som arrangør. Erik sjekkar med trenarane i Førde om dei ynskjer å ta på seg dette, då må ein i så fall vurder alternativet med å legge samlingar til Førde.

Ski. Planlagde skisamlingar ut mai får vi til om det vert opna opp for organisert trening. Ulike løysingar for skisamling vidare vart diskutert, vi sonderar i første omgang ulike løysingar for dei som vil trene mest. Peder sonderer med Møre om mulighet til å vere med dei på Juvass sommar / tidleg haust. Roger sonderer med Fana/ Hordaland om mulighet for å vere saman med dei på haustsesongen. Vi tok ei vurdering på kor mange løparar som vil starte tidleg oppkjøring til neste sesong. Gruppa kan bli så stor at vi må vurder å sende med eigen trenar om vi får følgje andre treningsgrupper sommar/ haust.

Sak 22 19-21 Trenarsituasjon, behov/ planlegging.

Det er eit stort ønske om kontinuitet på trenarsida, vi erkjenner at dette kan bli krevande. Roger kontaktar dei tidlegare trenarane vi hadde med oss denne sesongen, og kartlegg kven som vil vere med vidare.



Samtidig ser vi at vi bør sjekke mulighet for å knytte til oss nye. Magne spør Emma Åsebø som deltok i Sogndal i vinter. Per Asbjørn spør Edvin Fonn Sårheim, tidlegare NTG-Lillehammer trener.

Sak 23 19-21 Fordele arbeidsoppgåver, bistå kvarandre.

Vi har ei fast oppgåvefordeling i AK,, men med adm.sjef som er permittert må vi ved behov fordele arbeidsoppgåvene meir. Sportslege leiarar har allereie eit større ansvar for samlingar enn tidlegare. Ein må gi beskjed om ein treng hjelp innafor sitt ansvarsområde.

Sak 24 19-21 Infokanalar inn til AK og ut til klubbar/ dei aktive.

Margot Åsebø kan publisere på skikrinsen si Facebookside, dette er no den einaste offisielle kanalen vi har tilgjengeleg. Så kan vi deretter nytte vår eigen Facebookside til løpande informasjon. Informasjon krå klubbar inn til AK gjer vi i første omgang ved at medlemar i AK tek kontakt med leiarane i eigne klubbar/ miljø, og får ei evaluering på kva dei ynskjer vidare, og liitt evaluering av fjordårssesongen. Denne kontakta med klubbane er ei form for evaluering som vi gjer på haustmøte. Utover kontakt med eigne klubbar tek Per Asbjørn kontakt med Stryn, og Nina tek kontakt med Hafslo. Frist for tilbakemelding på epost til alle i AK er 01.mai.

Sak 25 19-21 Ymse.

På grunn av situasjonen vi er i no velger vi å ikkje avvikle digitalt vårmøte, direkte kontakt med klubbar erstattar dette i denne omgang. Terminliste avventar vi til hausten.

Referent: Per Asbjørn Felde

| |
|---|
| Vedlegg SAK 76 19-21 SFSK AK protokoll nr. 04 19-21 |
|---|

REFERAT DIGITALT MØTE I AK, 18.06.20 (MØTE NR. 04)

Tid: 20.00-21.00

Til stades: Roger, Peder, Magne, Per Asbjørn.

Fråfall: Nina meldt fråfall, Erik kom ikkje inn i møte.

Til innlogging fekk leiar hjelp av Peder med link i siste liten, og sakliste var berre skissert tidlegare.

Sak 26 19-21: Info frå dialogmøte NSF-AK:

Leiar informerte kort om viktige saker som det vart informert om;

Slik det ser ut pr no går renn i aldersbestemte klasser som normalt til vinteren, sannsynligvis norske FIS-renn også.

Ser behov for meir utfortrening før HL, fleire alternativ til dette jobbast det med.

Stort press frå dei store alpin-nasjonane om å senke FIS alder til 15 år, Norge m.fl jobbar imot.

Sak 27 19-21: Oppsummering av vårsamlingane.

Ein er fornøgd med opplegget som vart gjennomført i Sogndal Skisenter. Lokalt tilbod med rimelege samlingsdøgn.

Sak 28 19-21: Plan for ski-samlingar i august og september.

August: 13.08-16.08 Juvass.

September: 17.09-20.09 Juvass.

Begge samlingane i samarbeid med Fana, med Bjørnar og Christina m.fl som trenarar. Endringar kan kome avh av påmelding.

Roger sjekkar detaljer kring samlingane, slik at vi kan gå ut med info innan juni.

Per Asbjørn sjekkar med Ingrid om ho kan publisere info om samlingane, med info om påmelding pr. e-post til Roger/ Peder.

Sak 29 19-21: Forslag til førebels samlingsplan.

Denne samlingsplanen er laga av Bjørnar og Christina der dei er hovudtrenarar, og utøvargruppa inkluderer aktive frå SFSK, Fana og Stabekk. Denne planen gjer at vi har eit opplegg på ski utanfor fylket, samt at vi også har eit opplegg for Pre-camp og mesterskap.

Dei to trenarane kan også nyttast i fylket om vinteren, om behov. AK ser på planen som eit godt utgangspunkt, og gir tilbakemelding om at vi vil delta på samarbeidet.

Sak 30 19-21: Barmark.

Enighet om å starte barmark-samlingane til hausten. Prøver å få Andrine med på ei tidleg samling, der ho kan gå gjennom barmarks-opplegget ho har laga. Tek igjen planlegginga av dette til eit møte i august.

Sak 31 19-21: Trenarsituasjon haust og vinter.

Eilert er usikker på omfang, men er med ein del.

Anders er med lokalt i vinter.

Dei andre lokale trenarane håpar vi vil bidra, men tek igjen dette til hausten.

Bjørnar og Christina er med på alt på den førebelse samlingsplanen, inkl pre-camp og mesterskap.



Sak 32 19-21: Påløpte kostnader sidan adm.sjef vart permittert.

Kostnader vert betalt ut når adm.sjef er tilbake i full stilling, dette gjeld bl.a: barmarksopplegget laga av Andrine, trenar-honorar på vårsamlingane, og div andre kostnader på vårsamlingane.

Referent: Per Asbjørn Felde

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS - LANGRENN

REFERAT

Vårmøtet – digitalt, 10.06.2020

SAK 01) GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE V/ TOR ARNE HOV

VEDTAK

Vårmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 02) VAL REFERENT V/ TOR ARNE HOV

VEDTAK

Vårmøtet gjer vedtak om Laila Bosdal-Thorsen som referent

SAK 03) ORIENTERING OM STÅA I SKIKRINSEN OG FRÅ VÅRMØTET I NSF V/ TOR ARNE HOV

Bakgrunn

Leiar i langrennskomiteen, Tor Arne Hov, orienterte følgjande om skikrinsen:

Administrasjonssjef i Sogn og Fjordane skikrins er permittert. Fyrst i 100 % og deretter i 80 %. Per dags dato er administrasjonssjef permittert i 60 %.

Leiar i langrennskomiteen, Tor Arne Hov, orienterte om følgjande frå Haustmøtet i NSF:

Sportsadministrasjon informerer

- Referat frå vårmøtet sentralt ligg på skiforbundet.no -> langrenn -> langrennskomiteen-> møtedokumenter -> vårmøte (digitalt)
 - Struktur på landslaget vart lagt frå. Endringar grunna korona og økonomien i skiforbundet.
 - Samlingar
 - Covid 19
 - Økonomi
 - Strir økonomisk.
 - Re-budsjettering for 2020
 - Krinstilsette permitterte bl.a.

Info frå FIS

- Dominans frå Norge

- Stabile TV-tall
- Meir TV-tid
- Marknadsarbeid

Fluor/smørevett

- Vedtak står fast !
 - Forbod i FIS (sesong 2020-2021)
 - Forbod i EU (1. juli 2020)
- Rapport presentert fra arbeidsgruppen
- Referansesmøring testet – gode resultater
- Juli; prototype ferdig
- Haust; testing med industrien og NSA
- Utfordringar: referanseverdier må setjast slik at det er dei rette som blir tekne i bruk av fluor.

Terminliste internasjonalt er klar.

Langrennsportens venner (LSV)

Innspel:

- Korleis arbeider skiforbundet sentralt med rekrutteringsarbeid?
 - Lite informasjon om dette, fokuset på møtet var landslaget, elite
 - Må ta opp korleis jobbar med dette. Her må greinene ta ansvar, og det må også skiforbundet sentralt gjere.
- Premiering sentralt?
 - Noko, men det rammar skikrinsar mykje. Krinsane har ikkje vore fornøgde med korleis krinsane som er blitt behandlar i høve permitering . Krinsen er inne med 20% av lønskostnadane til adm.sjef.
 - Skistyret SFSK tykkjer arbeidet har vore tungt i høve skistyret sentralt.

Vedtak

Vårmøtet tek saka til orientering.

SAK 04) Rekneskap 2019

Bakgrunn

Leiar i langrennskomiteen, Tor Arne Hov, orienterte følgjande om rekneskap 2019:



SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS

- LK har eit resultat om lag 30 000 kr over budsjett.
- Trenarkurs Sognefjellet og sommarskiskulen er overført LK, noko som gjer at omsetninga er større ein budsjettet. Prosjekta har totalt betre resultat enn budsjettet.
- Overskot for desse prosjekta har tidlegare ligge under drift komite.
- Ein er på budsjett på NM, Jr. NM, Hovudlandsrennet og Cup, og har betre resultat enn budsjettet for FIS-renn.
- På prosjekt *Krinslag* er ein omtrent på budsjett.

Vedtak

Vårmøtet tek saka til orientering

SAK 05) TERMINLISTE 2020-2021 V/ Adrian Helgheim

Bakgrunn

Prosess

- Rammer for terminlista vert lagt fram – og drøfta med klubbane i samband med Vårmøtet, 10.06.20
- Bearbeida terminliste går til høyring i klubbane med svarfrist ca 15.09.20
- Terminlista blir handsama i langrennskomiteen, ca oktober 2020
- Endeleg handsaming i samband med Haustmøtet i slutten av oktober

Adrian Helgheim presenterte langrennskomiteen sitt framlegg til terminliste pr. 10.06.20.

- Sett opp etter tradisjonar og nasjonale meisterskap
- Skal ein gå for rein KM-helg fredag til søndag?
- Kor mange renn i romjula ynskjer ein å ha?
- Viktig med renn tidleg i sesongen
- Skal ein gå for rennfri helg

Innspel

- Innspel frå Eid ved Mads Andersson:
 - Må ikkje ha rennfri helg. Det er få renn slik det allereie er. Er usikker på om dette er eit konsept ein skal gå for.
- Innspel frå Førde IL Yngve Thorsen
 - Kalsetrennet: flytte til 13.03.21, og ynskjer å søke om KM-lang
- Innspel frå Bjørn IL:
 - Ynskjer å få til Bjønnstarten i desember.

VEDTAK

Vårmøtet tek saka til orientering.

Ein gjer vidare vedtak om at aktuelle innspel skal handsamast vidare i langrennskomiteen.

SAK 06) KRINSLAGET 2020-2021 V/ ROGER AA DJUPVIK

Bakgrunn

- Trenarar
 - Hovudtrenarar: Simen Bækken og Roger Øye Pollen
 - Trenarar: Eivind Øygard, Elise Skeide Bakke
- Utøvarar:
 - 4 senior, 7 eldre jr, 17 junior, 10 impulsløparar (38 løparar totalt)
- 2 av 38 løparar er inne på «vinterpakke», der ein primært ikkje deltek på samlingane, men kun fellesopplegget vinterstid
- Samlingsplan 2020
- Første samling 1. juli i Førde
- Samarbeid med Møre og Romsdal og Buskerud/Team Hallingdal
- Samarbeid med Regionslag og med Gjøran Tefre sin skiskule i oktober

VEDTAK

Vårmøtet tek saka til orientering.

SAK 07) FELLESOPPLEGG NASJONALERENN OG MEISTERSKAP 2020-2021 V/ TOR ARNE HOV

Bakgrunn

- Gjennomgang av arrangement med fellesopplegg
- Samarbeid med Hordaland Skikrets på seniornivå
- På alle arrangementa med fellesopplegg stiller skikrinsen med hovudleiar
- Prøver å få til eit fast smøreteam;
 - Senior:
 - org.ansvarleg: Tor Arne Hov
 - Junior:
 - Yngve Thorsen
 - Per Fridolf Hillestad
 - I tillegg kjem det fleire
- NSF fortset med rutinane for overnattingsopplegg i samband med NorgesCup Junior og NM Junior. I tillegg innfører ein same rutinar for Hovudlandsrennet i 2021. **Dette inneber at NSF reserverer alle sengeplassar på arrangørstaden og fordelar på krinsane.**
- All info. finn ein på www.skikrinsen.no

VEDTAK

Vårmøtet tek saka til orientering.

SAK 08) BREIDDE- OG JENTESAMLINGAR V/ LAILA BOSDAL-THORSEN

Bakgrunn

- Gjennomførte samlingar vinter 2020:
 - Jentesamling Ullsheim i samband med SSF Cup, januar 2020
 - Sogn og Fjordane leikane, snøsamling 1. februar 2020 i Sogndal Skisenter i samarbeid med Sogndal IL

Sommarskiskulen utgjekk grunna usikkerheit kring korona og permittering av kretsadm.

- I 2020 har ein ynskje om å få gjennomføre desse samlingane om smitteverntiltak tillet det:
 - Breiddesamling Ullsheim, september 2020. Arr. Markane IL/ SFSK
 - Enivest Skiskule, 2020. Arr. Førde IL/ Gjøran Tefre og SFSK
 - Tverridrettsleg basissamling, oktober 2020. Arr. SOFIK/ SFSK
 - Miljøsamling, Sunnfjord, oktober 2019. Arr. Førde IL og Gaular IL
 - Jentesamling Ullsheim i samband med SSF Cup i januar 2021
 - Snøsamling 2021 i Sogndal Skisenter i samarbeid med Sogndal IL (i samband med Sogn og Fjordane-leikane)
 - Sognefjellet Sommarskiskule, 2021 Arr. SFSK.
 - Ein oppmodar skigruppene om å sjølv skipe til samlingar og aktivitetar på tvers av klubbgrensene
- Innspel
 - frå Førde IL ved Yngve Thorsen:
 - Enivest skiskule er usikker enno
 - Ynsker gjerne miljøsamling på langeland i samarbeid med Gaular.
 - Frå Gaular ved Bodil Ryste:
 - Er gjerne med å arrangerer miljøsamling.
 - Frå Eid ved Mads Andersson:
 - Eid hjelper gjerne til under samlingar på Ullsheim.
 - SFIK ved Bodil Ryste:
 - Tverridrettsleg samling vert gjennomført så lenge smittevern tiltaka tillet det.

VEDTAK

Vårmøtet tek saka til orientering.

SAK 09) TEAM REGIONLAG VEST V/ TOR ARNE HOV

Bakgrunn



SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS

- 10 løparar, trekvinner og sju menn 2020-2021
- Sogn og Fjordane repr. med Gjørn Tefre (Førde IL) og Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL)
- Trenar Eivind Bjaaland
- Sportsleg status
- Økonomi
 - Om lag som før då LSV gjekk inn og vart sponsor
 - Rekneskap 50 000 i overskot i 2019

VEDTAK

Vårmøtet tek saka til orientering.

SAK 09) INNSPEL FRÅ KLUBBANE

Ingen innspel

Teamsmøte 10.06.20

Laila Bosdal-Thorsen (s)

Ref.